

Velkomen laurdag 27. august - til eit nytt og annleis skuleår!

Voss folkehøgskule er en ein flott, gammal skule med eit trangt tun, så vi har erfart at linjevis frammøte er både enklare og hyggelegare!

11.00 – 13.00 Data & Friluftsliv

Ekstrem sport Elv

Ekstrem sport Luft

13.00 – 15.00 Film & Foto

Idrett & Friluftsliv

15.00 – 17.00 Data

Jazz

Lyd- og Musikkproduksjon

Parkering er på Sylvsmedja nedanfor skulen. **Felles opning av skuleåret er kl.18.00.**

Vi gler oss til å treffa deg

Vi er spente på kven du er, kva du har med av gleder, interesser og historier. Vi vil skapa *ein skule for livet* – ein skule der *du* står i sentrum. Vi vil at du får oppleva læring, respekt og toleranse mellom medelevar og tilsette på skulen, og at vi saman kan nå verdiane våre:

Glede, Openheit, Undring og Tryggleik.

Linjer og valfag

Du har vald linje; vedlagt finn du eit eige brev frå din/e linjelærar/e. Valfag vel du når du kjem.

Fellesskap og aktivitet

Aktiv livsstil, kreativitet og fellesskap står i fokus. Vi har mange aktivitetar der vi er fysisk aktive i rørsle og leik. Du må ha utstyr for trening, for tur i sol og regn, og gode tursko/terrengsko.

Sjå utstyrssiste.

På Voss folkehøgskule får du prøve nye ting. Kom med eit opent sinn! Du vil bli utfordra på kva du liker og ikkje liker. Kanskje oppdagar du ein ny lidenskap? Det er berre fantasien som set grensar for kva du kan fylla året ditt med, så vi håpar du er klar for eit aktivt skuleår 😊

På Voss kan du laga dine eigne prosjekt, filmproduksjonar, konsertar, elevkveldar, bingo, volleyball, bada i Vangsvatnet eller Vossabadet, trenere i treningsstudio, dans, LAN, rollespel, pysjamasparty, karaokekveldar... Fellesskapet er viktig; og at alle deltek!

Ver aktiv – så får du energi! Ver ein ven – så får du vener!

Beste helsing frå alle oss på Voss folkehøgskule, og god sommar!



Svarskjema på nett

Vi treng litt informasjon frå deg for å gjere klart til du kjem. Vi vil derfor at du **svarer på skjemaet i linken eller via QR-koden innan 1.juli.**

<https://forms.office.com/r/VCqKiTTXBH>



Kortfatta skulerute haust – vår 2022-2023

Skulestart laurdag 27. august, sjå linjevis innflytting.

Felles opning av skuleåret for elevar kl 18.00.

Haustferie 7. - 17. oktober.

Haustferien startar fredag 7.oktober kl. 14.00.

Skulen åpnar etter ferie måndag 17.oktober kl. 17.00.

Juleferie 19. desember – 4. januar.

Juleferien startar måndag 19.desember kl. 12.00.

Skulen åpnar onsdag 4.januar kl. 17.00.

Vinterferie 17. februar – 27. februar.

Vinterferien startar fredag 17.februar kl. 14.00.

Skulen åpnar måndag 27.februar kl. 17.00.

Påskeferie 31. mars – 11. april.

Påskeferien startar fredag 31.mars kl. 14.00.

Skulen åpnar tysdag 11.april kl.17.00.

Avslutningsfest med gjester fredag 12.mai, ferdig ca. kl. 21.

Avreise laurdag 13. mai, skulen stenger kl. 12.00.

NB! Atterhald om endringar. Skulen er stengt i jul-, vinter- og påskeferie.

Det er lurt å tinga billettar til tog, buss og fly så tidleg som mogeleg, då vert det billigare!

Skulebevis og identitetskort

Skulebevis: Gjer moderasjon på reiser for studentar og vert ordna på skulen når du er komen hit.

Identitetskort: Du må i tillegg ha godkjend legitimasjon t.d. bankkort/pass/førarkort.

Viktig informasjon

Reiser – linjeturar – pass - forsikringar

Gyldig pass og eigen reise- og helseforsikring MÅ du ha før studieturane!

Vi må ha **opplysningar om minst ein pårørande**, som vi kan kontakte ved eventuell sjukdom/uhell/ulykker. Vi har kollektiv ulykkesforsikring for elevane. Du må ha **eigen innbuforsikring** for dine ting, og husk å teikne ekstra forsikring for kostbare ting som t.d. bunad.

Internat

Internata heiter Jomsborg, Midtgard og Nedigard. Vi har flest dobbeltrom, enkeltrom kostar ekstra. Fordeling av internatrom blir gjort i august. Fyll ut skjema og kryss av for ditt ynskje! Dei som av viktige grunnar ynskjer seg enkeltrom vil bli prioritert. Kryss også av for om du røykjer/røykjer ikkje; vi vil ikkje leggja røykjarar og ikkje-røykarar på same rom.

Klesvask

Du ordnar med eigen klesvask. Du **må** merke kleda dine med namn. 120 ungdommar driv vaskeriet saman. Sjekk nettstadar der du kan kjøpe lappar/stempel. Vi anbefaler klisterlappar.

Internett

Vi har trådlauast internett i alle undervisnings-, felles- og elevrom.

Mat – diett Våre måltid

| | | | | |
|------------|---------------------|-------------|--------------|-----------------|
| Kvardagar: | frukost 07.45-8.15 | lunsj 11.30 | middag 16.00 | kveldsmat 20.00 |
| Laurdagar: | frukost 09.00-10.00 | lunsj 14.00 | middag 18.00 | |
| Sundagar: | frukost 09.00-10.00 | | middag 16.00 | kveldsmat 20.00 |

Har du **matintoleranse** eller treng **spesialdietet**, må du gje beskjed på førehand. Send ein epost til kjøkkenleiar Osmine seinast ei veke før du kjem: osmine@voss.fhs.no

Lege - fastlege

Alle elevar bør ha fastlege på Voss. Du går inn på www.nav.no/minfastlege for å gjere bytte. Reglane er slik at du får den «gamle» fastlegen din når du flyttar heim igjen etter skuleslutt.

Kva skal du ta med deg?

Dette MÅ du ha med:

- Sengetøy: dyn, pute, laken, trekk
- Sengeteppe/pledd
- Handklede, store og små
- Toalettsaker, antibac og håndåpe
- Treningstøy, treningskko og badetøy
- Regntøy, støvlar, tursko for terregn
- Innesko
- Tursekk, sovepose og liggeunderlag
- Vaskemidlar til klede, helst flytande
- Klede og undertøy – for ute og inne
- Finklede

Dette BØR du ha med:

- Sykkel med lås og hjelm!
5 min m/ sykkel til sentrum; 15 min. å gå
- Undertøy i ull/ullblanding evt. kunstfiber
- Ullsokkar
- Vindtett bukse
- Jakke for alle typar ver
- Termos/drikkeflaske, termokopp
- Lue og vottar
- Musikkinstrument (viss du har)
- Solbriller og solkrem
- Tykk genser

Ordensreglement

Folkehøgskulen er eit «fritt» skuleslag. Vi har ikkje prøver, eksamen og pensum. Vi gir ikkje karakterar. Målet vårt er å byggje karakter. Vi har den største pedagogiske fridomen i verda, der vi set den menneskelege utviklinga di i fokus. Læringa på ein folkehøgskule skjer i ei blanding av ekskursjonar, studieturar, eit mangfald av læringsarenaer og sosiale aktivitetar i og utanom skulen. Internatet er ei berebjelke på folkehøgskulane. Du kjem tett på dei andre elevane, og oss tilsette. Dette er eit gjensidig forpliktande fellesskap. Eit år på ein internatskule er difor eit annleis skuleår. Det seier seg sjølv at når 120 ungdomar bur saman, så må vi ha reglar. Ingen kan eller vil bu på ein slik skule utan reglar. Reglane er til for deg og dine medelevar, slik at alle får eit godt utbytte av skuleåret. Det er ikkje problematisk å halde reglane, men du må kjenne til og forstå dei.

Vi vil ha ein open og inkluderande skule, ein skule for alle, kor alle har ein plass. For vi veit at folkehøgskulen fungerer, – men berre om du deltek. Då får du oppleva mykje, læra mykje – og få gode vene. I folkehøgskulane er det oppmøteplikt; du må møta til alle timar, arrangement og turar.

Ein skule for alle er ein rusfri skule, heilt utan alkohol og andre rusmidlar. Dette omfattar både bruk og oppbevaring, og sjølvsagt påverknad. På kveldar **utan** arrangement **eller** skule dagen etter kan du gå på Vangen (sentrum) og nyta eit glas, om du går rett til sengs på eige rom når du kjem heim utan å sjenera andre.

Vi reagerar på brot på ordensreglementet. Brukar du alkohol vil du bli bortvist ein periode, og utvist dersom det gjentek seg. Brukar du narkotika må du rekne med å bli utvist og miste skuleplassen straks. Grensa vår for fråvær går ved 7 % av dei timane som er avhaldne, og får du for høgt fråvær kan skuleplassen vera i fare.

Brot på reglementet blir tatt opp i Disiplinærutvalet. Blir du utvist for resten av skuleåret, eller du sluttar frivillig, må du betale skulepengar i 6 veker frå sluttdato/heimreisedato. Då mister du dei to konkurranspoenga og stipendet frå Lånekassen. Vedtak i Disiplinærutvalet kan ankast til Styret for Stiftelsen Voss Folkehøgskule innan tre veker. Blir du sendt heim frå eksursjonar, turar eller studietur på grunn av brot på ordensreglementet, må du dekke heimreisa sjølv.

Røyking er tillete men berre på tilvist stad, E-sigaretter er ikkje tillete på skuleområdet.

Du vil få meir informasjon om skulen sitt ordensreglement når du kjem til skulen. Hovudsaka er at du er *med*, og deltek, at du er rusfri, og at du betalar skulepengane i rett tid. Og at du snakkar med oss viss det er noko. Det meste kan løysast gjennom samarbeid og god kommunikasjon.

Vi vil at du skal få eit best mogleg år hos oss på Voss!

Du må skriva under på at du kjenner desse reglane, og vil samarbeida på desse premissane når du kjem til skulen. **Du må krysse av for at du har forstått dette i svarskjemaet på nett.**

Facebook

Om du ikkje allereie har gjort det; meld deg inn i vår **Facebookgruppe: Voss Folkehøgskule 2022-23.**
<https://www.facebook.com/groups/382277856816741>

Her kan du stille spørsmål, finne informasjon og bli kjent.

Økonomi – kostnader – betalingsplan

Innmeldingsavgift 2500 kr (den har du allereie betalt).

Grunnbeløp 95 000 kr som dekker kost, losji og felleskostnader: undervisning, fellesturar, kort til gondol og skiheis, ti min flyging i Vindtunnelen, vaskemaskin, kopiering, leige av utstyr, gjesteførelesarar, skulegenser, dei fleste valfaga, festar m.v.

Linjekostnader 10 000 kr per linje, dette vert trekt saman med grunnbeløpet.

Studietur og anna linjeaktivitet inklusiv studieturar, felles linjeutstyr og linjeaktivitetar. Me har fyrste forfall for ekstremsport- linjene allereie i juli, då ein del utstyr alt er kjøpt inn. Ekstremsport og Ekstremsport luft får fordelt summen på 3 fakturaer; 1.juli, 16.august og 16. januar. Studieturar og linjeaktivitet vert sendt som faktura til den e-posten du har oppgjeve når du søker skulen. Dei andre linjene får faktura i august.

| | | | |
|-----------------------|--------------|---------------------|--------------|
| Jazz | kr 20 000,00 | Lyd og musikkprod. | kr 20 000,00 |
| Data | kr 20 000,00 | Data og friluftsliv | kr 24 500,00 |
| Film og foto | kr 20 000,00 | Ekstremsport | kr 43 500,00 |
| Idrett og friluftsliv | kr 24 500,00 | Ekstremsport luft | kr 58 500,00 |

Andre valfrie tillegg:

Enkeltrom kr 6000 for heile skuleåret

Parkering kr 750 per semester

Glutenfrei diett: kr. 500,- ekstra pr. månad.

Laktosefrei diett: kr. 250,- ekstra pr. måned.

Vegetardiett: ikkje tillegg i pris.

For krevjande diettar kan det verta tillegg i pris. Eigne avtaler vert laga.

Rekning 2 gonger i året.

Skulen brukar AvtaleGiro

Skulen brukar AvtaleGiro for å få inn grunnbeløpet – 95 000 kr og 10 000 kr av linjekostnadane.

Vårt betalingsforfall er lagt til den 12.-15. i kvar månad. Dei fylgjer utbetalingane frå Lånekassen 12.-15. i kvar månad. Beløpsgrensa for avtalegiro anbefalast satt til kr 30 000. Trekket frå din konto er sjølv sagt berre på det du skal betala. **Du kan enkelt oppretta avtalegiro via nettbanken.** Du er sjølv ansvarleg for betalinga til Voss Folkehøgskule, om ikkje anna er avtala.

Har du problem med å betale innan fristen, tek du kontakt med oss.

Skulens bankkonto: 9581 05 00639, ved alle betalingar, og merk innbetalinga med namnet ditt!

Betaling ved avbrudd

Dersom du seier frå deg plassen **etter 1. august eller sluttar i skuleåret**, uansett orsak, må du betala skulepengar i 6 veker frå sluttdato/oppsigelsesdato. Vi reknar dette ut frå grunnbeløpet og eventuelt påkomne linje-og fagkostnader.

Lånekassen

Det er lurt å søkje lånekassa med ein gong. Gå til nettsida <http://www.lanekassen.no/> for søknad og info. Under finn du oversikt over Lånekassen sine utbetalingar for maks lån og stipend 2022 -2023.



Oversikt over innbetalingene

I denne tabellen ser du kor mykje du skal betale kvar månad, og stønaden frå Lånekassen:

| Datoar | Innbetaling skulepengar og linjekostnad | Utbetaling frå Lånekassen |
|--|---|---------------------------|
| 1. betaling av studietur og linjeaktivitet 1.juli/16. august | sjå tabell over for pris på di linje | |
| 2. betaling 15.september | kr 26 200,00 | kr 23 433,00 |
| | kr | 8 788,00 |
| 4.betaling 15.oktober | kr 8 500,00 | kr 8 788,00 |
| 5.betaling 15.november | kr 8 500,00 | kr 8 788,00 |
| 6. betaling 15.desember | kr 8 500,00 | kr 8 788,00 |
| 7. betaling 15.januar | kr 19 300,00 | kr 23 433,00 |
| 8.betaling 15.februar | kr 8 500,00 | kr 8 788,00 |
| 9.betaling 15.mars | kr 8 500,00 | kr 8 788,00 |
| 10. betaling 15. april | kr 8 500,00 | kr 8 788,00 |
| 11.betaling 11.mai | kr 8 500,00 | kr 8 788,00 |
| Totalsum | kr 105 000,00 | kr 117 170,00 |

Meir informasjon og spørsmål?

Du vil finne meir informasjon på nettsida vår: <https://www.voss.fhs.no/>

Du kan også ta kontakt med oss på telefon 56 52 90 40 kvardagar mellom 10.00 – 14.00,
eller på e-post: post@voss.fhs.no

Skulen vil vere delvis stengd frå 11. til 31.juli, men vi vil gje deg svar så fort som mogleg.

**Vi ser fram til å møte deg 27.august,
og inntil da ynskjer vi deg mange gode sommardagar** ☺